

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Haram.

Emne: Død og gravferd.

Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Kårl Rogne.

Gard: Rogne.

(adresse): Longva, Skuløy.

G.nr. 7 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter det eg veit.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Dødsvarsel.

1. Laag nokon sjuk og ein hørde bord datt ned, var det varsel um død. Bordi var helst likkistebord.
2. Saag ein gjennom vindaugo joleftan og daa saag nokon hovudlaus, var det merke paa ein var feig og kom til å døy aaret som kom.
3. Sjaa kanskje svar til sp. 2. Midlar elles hadde dei ikkje.
4. Sume var sanndrøynde. Også naar det galdt dødsfall.
5. Ukjent, det eg veit.
6. Fekk ein sjuk det med aa plukka paa sengkledi sine, var det merke paa at døden var nær.
7. og 8. Nei, ikkje det eg veit eller hev høyrte um.
9. Ukjent.
10. og 11. Presten vart bedd koma gjeva den sjuke nattverden. Den vart innleidd med eit salmevers og ein stutt trøystartale, dersom den sjuke ikkje var so nedfyre at han tolde song. I alle høve fekk han nattverden. Husens vaksne folk var med ved denne vitjingi.
12. Ikkje til vanleg. Hadde ein døyande noko uuppgjort med nokon, sende han bod paa denne til forlik og fred.
13. Til vanleg ikkje, det eg veit. Sume kunde segja frå dei ynskte ikkje blommar, men det høyrer notidi til.

Tidi millom dødsfall og gravferd.

14. Mange nemningar var brukt: avliden, slokna, sovna, død, er flutta, er ikkje meir, gjort fraa seg, er klar o.fl.
15. Til vanleg var ikkje brukt serlege aatgjerder til aa vissa seg um at ein var død. Dødssukket og broste augo var vanlege merke.
16. Folk hev nok høyrt um skinndød, men slik død hev ikkje kome fyre i mine bygder, det eg veit eller hev høyr't.
17. Ein let att augo, men ei mynt yver augneloki var ikkje brukt.
18. Mest var brukt eit bind um underkjøken knytt yver kruna. Sume brukte og ei salmebok sett under hoka.
19. Skyldfolket, mest dei næraste, vart varsla so snart ein kunde. Elles gjekk døds- eller naasfallet fort yver gard og grend. (Nemningi naasfall var ikkje lite brukt i eldre tid. Ordet naae (ein) hev me i samansetjingar som naableik, naaljos, naasling, og tyder dødsbleik, dødsljos. Aa vera ein naae var aa sjaa ut so bleik som eit lik. So vart sagt um folk som fraus so dei vart kvite i andlitet. Ogso brukt um reine kruslingar).
20. Det var ikkje noko med med det. Det var som det høvde.
21. Nei.
22. Klokka vart stansa og kvite laken vart hengd for alle vindaugo i dødsromet. Noko serleg anna vart ikkje gjort. Alle skulde gaa stilt i dørene.
23. Liket laag i sengi til ein fekk i kista.
- 24-25. Sjaa svar til sp. 23.
26. Um dette torer eg ikkje segja noko visst. Kanskje meiningi var at liket skulde liggja til synes for dei som vilde, altso eit slag "lit de parade". No er nok meiningi at liket ligg paa halmen til det vert lagt i kista.

27. Likhalmen vart brend med same liket vart ført or tunet.
28. Nei, ikkje til vanleg. Var dødsorsaki smitte, kunde nok underklædi til den avlidne verta brend.
29. Sjaa svar til sp. 27. Fell elles burt.
30. Liket skulde kolna, fyrr det vart stelt.
31. Helst husens folk. Andre <sup>ann</sup> granneleget kunde og gjera det, um det ikkje nett høvde for husens folk.
32. Nei. Avlidne hadde underklædi paa seg.
33. Ja.
34. Ja.
35. Til vanleg ikkje det eg veit, men det hende nok.
36. Ja.
37. Nei. Det vart slege ut paa marki eller paa gjødseldyngja.

Likklæde.

38. Det heitte aa sveipa liket. Sume sa og "klæ liket".
39. Likverja var den vanlege nemning.
40. Baade likblæga, liklaken og sveiplaken er kjende og brukte ord. Mest er brukt liklaken no. Det var stort som eit vanleg senglaken, lagt yver liket og knept godt ned <sup>llom</sup> ~~med~~ det og kistesidone. Andlitet var bert.
41. Til vanleg ikkje, utan den avlidne var ei ung kona.
42. Liket hadde paa seg underklæde, ogso sokkar, men ikkje yverklæde.
43. Var det unge gifte folk som fall fraa, fekk dei gjerne paa seg brudgoms-og/eller bruerskjorta til likskjorta. Det var berre gamle folk som hadde likklæde liggjande ferdig, ikkje unge folk.
44. Dei saag helst det. Men for fatige vart dei for dyre, so dei laut nøgja seg med bomullsklæde, til med striklæde.

45,46. Paa føtene skulde det vera sokkar, men ikkje skor.

No er det slutt med sokkar.

47. Baade kar og kvinna skulde ha hovudplagg, jamnast kvitt.

Hjaa karane var det oftast den spøta kvite natthuva han hadde brukt. Kvinnone fekk kvitt hovudplagg.

48. Aa nei, skilnaden var ikkje nemnande. No hender det

nokso aalment, at den avlidne fær ein blom millom dei neste hendene.

49-50. Nei.

51. For ei 40-50 aar sidan, tenkjer eg. Kanskje litt lenger.

52. No er likklædi alltid kjøpte. Dei er av papir.

53. Ja.

54. Ukjent, det eg veit.

55. Til vanleg likte folk lite aa taka burt paa lik. Um dette kunde vera redsla for sjukdom eller ogje for død i det heile, torer eg ikkje segja for visst.

56-57. Ukjent.

58. Gamle folk hadde ofte likkista ståande ferdig, helst i naustet. (Eg minnest gamle Ola som sov middag i likkista si sumtid). Jamnt hadde gardsbruk - til dels plassebruk og - kistebord liggjande. Dei var av beste material umlag 10-12 tummar breide og  $1\frac{1}{2}$  tom tjukke.

59. I gamal tid truleg det, men i mitt minne vart brukt spikar.

60. Ja, av vanleg garnskot.

61. Kista vart sumtid laga i romet der liket laag. Snikkarar i bygdi gjorde den.

62. Kista var maala svart av kjønørk.

63. Minst for ei 50-60 aar sidan.

64. Øvste fjøli paa kista var umlag 5-6 tummar breid og so lang som kista. Ho dekte yver baae langsidone og vart

kalla "skaarluka". Ordet maa koma av aa skoda (med open o) so den avlidna kunde skoda ~~XXX~~ eller sjaa upp gjennom luka. Eg tyder ordet som ei ihopdraging av ordet skodarluka.

65. Hyvelspon etter kistearbeidet vart lagt i kista til underlag.

66. Puta var laga som eit stutt høgjende fyllt med mjukt høy.

67. No er kistone alltid kjøpte. Dei er kvitmaala med gyllt ~~rand~~ kring skaarluka. Paa denne ein kross med gylling. Øvste kanten paa kista, der loket fell ned paa, kann og ha gyllt rand.

68. Ikkje noko slag vart lagt i kista anna enn det sveipte liket, etter det eg veit eller hev høyrte um.

69. Nei, ikkje det eg veit eller hev høyrte.

70. I eldre tid var ikkje visi aa pynta kistone. Det høyrer den nyare tid til. No er det blomkransar og -krossar.

71-72. Ukjent.

73. Det hev eg ikkje høyrte noko um.

74. Granna<sup>a</sup> og vener kom, naar liket vart lagt i kista. Ein salme vart sunge, og ein heldt stundom ein stutt andakt. "No vil me leggja han (ho) i kista, so de gjer det de kjem," vart det sagt. Serskilt nemning (kistelegg) var ikkje sagt.

75. Til vanleg fekk kvar som møtte ein matbit i handi.

76-77. Kista stod i stova der den avlidne døyde. Her vart ingen serleg pynt gjort anna enn straadt hakka eine yver golvet, og teppi hengd att for vindaugo. (Sjaa sv. til sp. 22)

til kyrkjestaden/

78. Alt med liki vart førd yver fjorden, hende dei vart ståande lenger enn vanleg for skuld ver og vind. Daa vart dei sett anten paa laaven eller i naustet til veret gav seg. Nokor pynting vart ikkje gjort i desse husi. ~~See skuldy~~

79-80. Ukjent her.

80.(81). Sume strøydde einebar paa denne vegen.

82. Ja.

83. Til vanleg ikkje, men ein duk laag yver andlitet.

84-85. Andlitsduken var vel so stor som ein vanleg lumme-duk. Den var kvil og heitte og heiter sveitteduk.

86. Baade grannar, vener og skyldfolk som ikkje var med, daa liket vart lagt i kista, kom og vilde sjaa den avlidne som til eit siste farvel. Derfor vart ikkje loket paalagt, fyrr avferdsdagen kom og liket skulde berast ut. Sumtid fekk born lov aa sjaa liket. Helst saag ein dei ikkje gjorde det.

87. Skuløy fekk eigen gravstad i 1926. Daa vart uppsett klokkestapul, men gravkapell er her ikkje enno.

Fraa utgamal tid vart liki fraa Skuløy førd til gravstaden paa Haram der kyrkja stod til 1838. Daa vart kyrkja flutt til Austnes og gravstaden med den. Fraa 1838 vart liki førde til Austnes til 1926. Fraa daa til Longva gravstad.

88. Paa ein maate kann ein vel segja at bedehuset tener som eit slag gravkapell og, meddi liki vert køyrd dit, og alle som er med i jordferdi ~~XXX~~ samlast der. Presten møter og dit og talar. So er det salmesong med orgelfyllgje. Etterpaa vert kransar paalagd fraa skyldfolk, grannar og vener, og dei kann vera mange. So fær kvar som vil, høve til aa bera fram si takk til avskil aat den avlidne, og nokre trøystarord til dei attlivande. Under døyvd orgelmusikk vert liket bore ut, medan lyden reiser seg. Det vart gjort, naar liket vart innbore<sup>og</sup>. Under sjølve jordfestingi held presten ingen tale. Han fylgjer daa sjølve jordfestingsritualet med salmevers fyre og etter

jordfestingi.- Attkomme fraa gravstaden samlast alle i bedehuskjellaren og vert sett til duka bord og fær seg mat, vanleg brødmatt med paalegg og kaffi. Kvar tek fyre seg etter sin hug. Folk stogga litt etter maten og sval- la litt um eitt og anna - ogsø um den avlidne, mest um det var noko sermerkt ved honom - takkar sø kvar for seg og gjeng heim.

Sorg.

89. Uturvande staak skulde ein halda seg fraa med liket låg i garden. Ein skulde gaa stilt i dørene (sp.22).Born vart tilhaldne fara stilt aat.

90. } Kann ikkje segja noko sergreint um dette, anna enn  
91. } ~~ann~~ det som er sagt under sp. 89.  
92. }

93-94. Ukjent her.

95. } Paa alle tri sp. kann ein svara nei. Likevel trur eg  
96. } det er rett aa segja at folk her ikkje likar aa bera  
97. } si sorg "til skue". Difor er syrjsband um armen lite brukt.

Syngja liket ut.

98. Nei. Alle dagar like gode. Sundag var aldri brukt.

99. Jordferd, gravferd, nedsetjing og sø begravelse i æi- nare tid.

100. Fyrr liket vart bore ut av huset, song dei eitt eller fleire vers, og sø vart det køyrt av stad.

101. No vart loket lagt paa for godt.

102. Noko aaklæde vart ikkje lagt paa kista.

103. I eldre tid brann dei nok ljøs. Det stod paa eit bord ved sida av kista. No brenn ingen ljøs med kista stend heime.

104. Ukjent her.

105. Ukjent her.

106. Ukjent her.

~~107.~~

107. Ukjent her.

108. Ukjent her. Um alle desse spursmaali 104 - 108 kann eg kanskje fyrst faa lov aa syna til sv. paa sp. 103 og 88 andsynes spursmaalet ljøs. Men med liket er i bedehuset er det til vanleg kveikt 4 stearinljøs, tvo ved kvar sida fram for hovudenden av kista. Som ein kuriositet kann eg nemna: Ved siste gravferd eg var med, var det heile 14 brennande ljøs. Dette var so uvant, at folk bisna på det.

109. Nei, berre um kvelden til folk la seg, og ikkje alltid daa heller i mine bygder.

110. Diverre hev eg ikkje høyrte noko um vokenatt yver lik. Hev det vore skikk nokon gong, som ikkje er utenkjande, maa det vera so langt attende, at nolvande folk ikkje hev høyrte segn um det.

111. Maa falla burt etter det som er sagt ovanfor.

112. Graatekonor hev her aldri vore, det eg veit eller hev høyrte um.

113. Liksalmene vart sungne noko seinare enn vanleg.

114. Ja. Presten talar baade i heimen og i bedehuset. Sjaa sv. til sp. 88.

115. Her paa Skuløy maa ein segja det vart vanleg fraa her kom gravstad i 1926. Fyre den tid hende det mest aldri.

116. Det var ein bra syngjar - helst læraren um han var i grendi - som sang liket ut. Det vart sjeldan tala daa.

117. Ukjent her. med "velfarsskaal".

118. Rusdrykk var i det heile ikkje brukt i seinare tid i noko høve ved jordferd.

119. Grannane helst, men og skyldfolk.

120. Nei, dei vil ikkje vera fri aa bera sine eigne kjære siste gongen.



121. No er det mest som fyrr. Sønene ber mor og far og besteforeldri. Sameleis syster og bror i slike høve. Ingen er nærare til, tykkjer baade dei sjølve og andre.
122. Kista skulde berast ut med fotenden fyre. Det same vert gjort, naar kista vert bori inn og ut av bedehuset.
- 123,124. Ukjent her, det eg veit.
125. Ikkje alle gjorde det, serleg fyrr. No strøyr alle stovkloppi og litt ut paa vegen med hakka eine. Sameleis bedehustroppi og litt ut for denne.
126. Det var ikkje brukt og er ikkje heller.
127. Nei.
128. Fyrr fylgde kvinnone med til nausti, naar liket skulde førast yver fjorden. No fylgjer dei med i likfylgjet fraa det tek or tunet til ~~dei~~ liket vert lagt i jordi.
129. Naar liket vart ført yver fjorden, var det jåmnast 6 mann som førde det og fekk det i jordi. No er baade kar og kvinna med i jordferdi til gravstaden paa Skuløy.
130. Fraa 1926 av.
131. I dette høve er det vel tilhøvi som spelar inn, med di øyi fekk eigen gravstad, so det vart lettare aa vera med mot fyrr.
132. Nei.
133. Nei.
134. Ein kann ikkje segja det.
- 135 - 138. Fell burt etter svaret til sp. 134.
139. Nei. Toget gjekk jamnt fram utan stogg.
140. Som regel vart inkje gjort fraa hus ein for framum.
141. Nei.
142. Heilt ukjent etter det eg veit eller hev høyr.
143. Nei, slikt er ukjent.
144. Ukjent.

145. Kista stod paa vognbotnen utan underlag.
146. No brukar ein bil og ikkje hest.
147. Fell burt.
148. Sjølv med bil køyrer ein ikkje forare, enn folk kann fylgja til fots.
149. Paa heimvegen køyrer nok bilen vanleg fort.
150. No stend bilkøyraren for køyringi.
151. Kann falla burt som sjølvsgt.
152. Ukjent her.
153. Ukjent her.
154. Ingen tok varsel av slikt, det eg veit.
155. Dei etterlivande vona sine avlidne vart sæle. Fyrr var det visst nokso utbreidd folketru, at folk som bleiv paa sjøen, vart sæle. Tanken som laag til grunn for dette var, at Gud hadde fastsett dødsdagen deira fyreaat og han let dei koma burt paa sjøen nett den laglege tid. Um dette synet maa segjast vera fatalistisk, fann dei likevel stor trøyst og styrke i slik tru, at den burtkomne maatte verta sæl, og at det var Guds viljs soleis.

Paa kyrkjegarden.

156. Helst dei næraste, som og bar kista inn i bedehuset. Nokon krakk var ikkje brukt, for kista vart ikkje sett ned til vanleg.
157. Baara vart ikkje brukt, for kista hadde berebørlar (hank) aa berast etter.
158. Fell buet.
159. Dei same som elles bar baara - til vanleg daa.
160. Nei. Maa falla burt.
161. Presten fylgjer med i likfylgjet.
162. Nei, ikkje det eg veit eller hev høyrte um.
163. Dei som naar i kyrkja paa Austnes, ber no liki inn.

Fyrr var det ikkje gjort, og daa møtte ikkje presten heller.

164. Sumtid,men ikkje alltid.

165. Nei,det hev eg ikkje set eller høyrte um.

166. Det vert ringt naar liket kjem til gravstaden,so når presten hev kasta jord paa og siste salmen sunge. I eldre tid,naar presten ikkje møtte ved jordferdi,heldt han jordfesting ein preikesundag etter preika. Naar dei sette ned lik daa,sette dei ei firkanta 3x3 toms røyre ned paa kisteloket. Den rakk opp for jordi etter gravi var attkasta. Under jordfestingi slepte so presten dei tri skuflor mold ned gjennom røyri,so moldi kom ned paa kisteloket. Etterpaa vart røyri uppteki og lagd til side for ei ny grav. Jordholet etter røyri vart attfylt. Dette er longe slutt. Hender det no presten ikkje kann vera med ved jordferdi,gjer han jordfestingi seinare. Daa kastar han dei tri moldskuflone uppaa gravi.

Gravi.

167. Hev ikkje fast gravar enno.

168. Fell burt.

169. Det er helst grannar som grev gravi dagen fyre jordferdi. Ikkje sidan liket og jordferdsfolket er komne til gravstaden.

170. Dei som grov gravi,kastar den og att.

171. Dette er ukjent.

172. Det er ikkje godt aa segja. Folk held seg til gravritualet og dei ord som er knytt til det. Utenkjande er det ikkje,at dei i gamal tid trudde den døde ikkje fekk fred i gravit utan han var jordfest. Eg veit presten kunde halda gravtale i kyrkja ein preikesundag yver folk,som laag att ute paa havsbotnen. Kanskje det med var tenkt som fred for den burtkomne.

173. Sjaa svar til sp. 166. Utan um dette var inkje gjort.

174. Daa vart ikkje anna gjort enn laga ei liti "forhøi-ning" og so sletta den vel til.

175. Dei aller fleste graver fær sine gravmonument. Dei kann vera baade store og væne med namn, dag- og aarstal for fødsla og død. No og daa vert gravene tilsedd, serleg sumrane. Daa ryskjer ein burt ugras, ser til blomar som er der, eller plantar nye. Faste dagar er det ikkje. Einast joleftan plar sume leggja ein reinmosekrans paa gravi innsett med turka eller kunstige blomar. Den kann liggja langt frammyver til vaaren. Ljos og/eller joletre er ikkje brukt.

Serlege tilfelle.

176. Me hev ikkje havt sjølmordarar paa Skuløy, so eg torer ikkje segja noko um dette sp. Eg skulde mest tru skilnaden ikkje vart so ovstor, men ei serleg tyngd vilde leggja seg yver samskoma.

177 - 179. Ukjent, so eg kann inkje segja.

180. Til vanleg vart slike lik sette inn i kyrkjekjellaren til eit anna lik vart nedsett. Daa vart barneliket sett ned paa kistekanten av det andre liket. Men det fekk ikkje jordfesting, og vart soleis ikkje ført inn i dødslista. Det stod berre i fødselslista.

181. Sameleis som under sp. 180 nemnt.

Gravøl.

182. Her vert ordet gravøl mest nytta.

183. Her var ikkje brukt bedemenn. Var det nokon serskild dei ynskte til gravølet, sende dei bod paa honom, anten ved brev eller paa annan maate. No vert dødsfalli lyst i bladi og med same jordferdsdagen. I same lysing er og **13048**

- innteke innbjuding tiljordferdi til dei som vil koma.  
184 - 188. Fell burt etter sv. til sp. 183.
189. Ikkje sers vanleg korkje fyrr eller no.(Sjaa sv. til sp. 183).
190. Korkje fyrr eller no varde gravølet meir enn ein dag, knapt det og.
191. Til vanleg berre eitt matmaal. Var det nære skyldfolk som budde langt undan, drygde dei gjerne ein dag eller so. Men det maa ein rekna meir som vitjing enn gravøl.
192. Ikkje det eg veit. Vanleg middag var ikkje brukt anna enn til nære skyldfolk som skulde drygja lenger enn dei andre.
193. Nei.
194. Til vanleg fekk dei andre folk til aa staa fyre tilstellingi med maten,so dei sjølve fekk vera fri.
195. Nei. Ikkje andre stogga arbeidet,enn dei som var med i jordferdi den stundi,dei var der.
196. Sending hev ikkje vore brukt i mine grender.
- 197 - 200. Fell burt etter svaret til sp.196.
201. Dette kann eg diverre ikkje svara paa, for yvergangs~~en~~ skilnaden hev gjenge fyre seg smaatt um senn og hev soleis vore lite merkande.
202. Rusdrykken er alltid halden ute fraa gravølet. Kann hende dei i gamal tid hadde litt heimebryggja øl,men ikkje so det gjeng segn um det.
203. Nei.
204. No er det vanleg med kransar fraa skyldfolk og nære grannar, dersom den avlidne hadde sagt fraa paa dødslegget,at han ikkje ynskte kransar.
205. Det kann eg ikkje segja. Skikken kom liksom av seg

# NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## 14. blad.

..... smaatt um senn. Truleg er det ein lærdom fraa byen.

206. Det mest vanlege er aa kjøpa kransane ferdig. Ein og annan lagar kransen heime, men sjeldan. Einast kann vera dei lagar av blømande ryslyng um hausten, og daa med isette livande blomar.

207. Næraste skyldfolket brukar kransar med silkeband og med helsingspaaskrift. Eg kann ikkje tidfesta so nøgje naar slike kransar kom i bruk.

208. Sume kransar vert slept ned paa kista i gravi. Dei aller fleste vert lagd ovanpaa gravi.

209. Her ligg dei til dei reint falmar av og vert stygge. Daa vert dei slengd paa sorphaugen ved gravstaden.

210. Det er kakemat med ymse slag paalegg og kaffi. Aldri rusdrykk i noko form.

211. Nei. Som alt nemnt er matbyrsla i bedehuskjellaren paa Skuløy.

212. For ei 30-40 aar sidan, kanskje litt lenger, tenkjer eg. Noko visst kann eg ikkje segja um det.

*Karl Røyne*